

Saksframlegg

Saksnr	Utval	Type	Møtedato
150/17	Kommunestyre	PS	14.12.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Skugstad	FA - C80	17/1442

Høyring vedkomande samla lovgjeving for trus- og livssynssamfunn

Kommunestyre - 150/17

Handsaming:

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek høyringsuttale slik den ligg føre.

Tilråding frå rådmannen:

Austevoll kommunestyre vedtek høyringsuttale slik den ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Kulturdepartementet har sendt på høyring forslag som inneber ein samla revisjon av lovgjevning for trus- og livssynssamfunn (inkludert Den norske kirke (Dnk)) og dei tilknytta tilskotssordningane.

Det omfattande høyringsnotatet (230 sider) inkludert forslag til ny og samla lov kan lesast på www.regjeringen.no.

Høyringsinstanser er offentlege myndigheter, forvaltningsinstitusjoner, Den norske kyrkje, trus- og livssynssamfunna, frivillige organisasjonar, arbeidslivsorganisasjonar m.fl. Høyringsfristen er sett til 31. desember 2017.

Departementet har bede om høyringssvar på 29 konkrete spørsmål via heimesida til departementet, der ein skal sei seg *einig/ueinig* og vekte det aktuelle spørsmålet som *viktig/uviktig*. Det er ikkje naudsynt å ta stilling til alle spørsmåla. Rådmannen tilrår at Austevoll kommune si høyringsuttale er avgrensa til å handle om nokre punkt som har relevans for kommunar generelt og vår kommune spesielt. Formen på høyringssvaret vert tilrådd å vere dels svar på nokre av desse spørsmåla og dels ein samanhengande kommentar til dei utvalde områda i forslaga.

Høyringsuttale frå Austevoll kommune:

1.Nokre hovudspørsmål i høyringsnotatet

1.1. Felles rammelov

Det viktigaste hovedforslaget i høyringsnotatet er å samla alle lovgjevinga som regulerer trus- og livssynssamfunn i ein felles og heilhetleg lov (dvs. fjerne kyrkjelova, trusamfunnslova og livssynsamfunnslova). Den norske kyrkje vert føreslått å få eit eige kapittel (3) i den nye lova. Lovreguleringa vedrørende Den norske kyrkje vert føreslått samstundes betydelig redusert (til ni lovparagrafer, mot dagens 40 lovparagrafer).

Austevoll kommune støtter departementet sitt ønske om ein felles og heilhetleg trusamfunnslov og at Dnk vert gjeve eit eige kapittel i denne nye trusamfunnslova. (Høyrings spørsmål nr. 1 og 18)

1.2 Det offentlege sitt finansielle ansvar

Grunnlova § 16 pliktar det offentlege til finansiell understøttelse av trus- og livssynssamfunn. Lova søker å organisere dette.

Prinsippielt, sjølv om vi er noko ueinige i måten dette er føreslått ordna på, er det rådmannen sitt syn at trus- og livssynsamfunna klart har spelt og fortsatt spelar ei avgjerande betydning for einskildpersonar og for samfunnet både lokalt og nasjonalt. Den modell vi har hatt i Norge med offentleg understøttelse av dette feltet har betydd mykje og bør derfor vidareførast.

Austevoll kommune er glad for at departementet framleis legg opp til ein offentleg understøttelse av trus- og livssynssamfunna. (Høyrings spørsmål nr. 2)

2. Lova og indre forhold i trus- og livssynsamfunna

2.1 Skal lova kunne stille krav til trus- og livssynsamfunna?

Lovforslaget søker å definere kva eit trus- og eller livssyn er og det vert sett opp ulike vilkår for tilskot. Rådmannen anser vilkåra som rimelege og knytta til så basale rettigheter at det bør vere riktig å kunne krevje at dei som mottok støtte frå det offentlege held seg innanfor dette. I den offentlege debatt blir det lett krav om stopp av støtte dersom einskild personar i eit trus- eller livssynssamfunn utfører, oppfordrar til eller uttrykker støtte til handlingar som utgjer ein alvorleg krenking av andre sine rettigheter (slik § 6 i lovforslaget uttrykker det). Rådmannen meiner at departementet kunne vurdert om stopp av støtte i tillegg bør basere seg på korleis slike saker vert handtert i det eeinskilte trus- og livssynssamfunnet. Det er ofte einskildpersonar som trår feil og ikkje heile trus- eller livssynssamfunnet. I slike høve bør testen og evt. grunnlag for støtte eller ei vere korleis det einskilte trus- eller livssynssamfunn handterer slike saker.

Austevoll kommune har forståing for vilkåra for tilskot som vert stilt og støttar desse. Randaberg kommune vil utfordra departementet til å inkludera at trus- og livssynssamfunna si handtering av evt. saker der einskilte leiarar overtreder desse lovparagrafene vil vere utslagsgjevande for støtte/stopp av støtte. (Høyrings spørsmål nr. 15)

2.2 Skal staten blanda seg inn i Den norske kyrkje si indre organisering?

Norge har ikkje lenger ei statskyrkje. Den norske kyrkje er ei fri folkekyrkje. Likevel er denne lovregulert i grunnlova § 16 og har altså eit eige kapittel i det nye lovforslaget. Det går på prinsippielt grunnlag an å hevde at kyrkja no sjølv må vedta korleis den skal organisera seg (inkl. organer og deira oppgåve). Lovforslaget slik som det no føreligg har likevel valgt å gje nokre lovmessige føringar for Dnk og dens organisering. Lovforslaget har f.eks. lovbestemt at det skal vere prostier (i tillegg til sokn, bispedømmer og kyrkjemøte), loven omtalar prest, prost og biskop, men ikkje andre stillingskategorier i kyrkja. Lovutkastet legg dermed føringar på indrekyrkjelege saker på nokre områder.

Rådmannen si vurdering er at lovforslaget kan gje ein stor ubalanse mellom dei ulike elementa i kyrkjeordninga, at lovforslaget enten må tømmast heilt for slike føringar (og bli

enda meir ein rammelov) eller så bør lovforslaget fyllast med nokre fleire utfyllande avsnitt i einskilte lovparagrafer.

Rådmannen vil hevde at denne ubalansen vert spesielt tydeleg i det som vert sagt om kyrkjelege fellestråd. Da dagens kyrkjelov frå 1996 vart vedteke vart fellestråda introdusert som eit lovbestemt organ på kommunalt nivå etter press frå kyrkjeleg lokalplan og frå kommunane. Fellestråda fekk arbeidsgjeveransvar for alle kyrkjelege tilsette på lokalplan (dog ikkje sokneprestane), ansvar for kyrkjebygg, gravferdsforvaltninga og kontakt med kommunane knytta til budsjett/økonomi på vegne av sokna (kyrkjeloven § 14 og 15). Erfaringane etter nærare 20 år med lovpålagte kyrkjelege fellestråd er at desse organa har fungert svært godt og fått gjennomført dei oppgåver som er pålagt i henhold til loven. Kyrkja har mangehundreårig tradisjon i Norge der det har vore ein todeling mellom eit lokalt ansvar for bla. kyrkjebygg og kongeleg/statleg ansvar for å sende og etterkvart løna prestane. Dette har sikra ein lokal innflytelse og eigarskap som det etter rådmannen sitt syn vil vere viktig at loven sikrar også i fortsettelsen.

Austevoll kommune ønskjer at det vert lovregulert at det skal vere kyrkjelege fellestråd som også representar dei ulike sokn og at oppgåvene til sokn og fellestråd vert avklart i lovteksten slik dagens kyrkjelov gjer. (Høyringspørsmål nr. 19)

3. Nokre konkrete innspel til lovforslaget:

3.1 Krav om 500 medlemmar som har fylt 15 år for å vere støtteberettiga. Lovforslaget stiller strengare krav enn dagens lovgjevnad og krever at det må vere meir enn 500 medlemmar, som er meir enn 15 år, for at trus- eller livssynssamfunnet skal vere berettiga til støtte. Det vert opna opp for at sammenslutningar av samfunn kan søkja felles (dersom dei kvar for seg er under grensa på 500). I einskilte kommunar finnest det nokre eksemplar på trussamfunn som er blitt etablert dei seinare åra som gjennom med ein ny lov ikkje ville fått støtte aleine. Dette er trussamfunn som har trengt tid på å finna fram til eigen identitet og tilhøyrighet. *Det er ikkje alle trus- og livssynssamfunn som har mogelegheit for å koma seg inn under ein felles paraply.* Rådmannen har forståing for at det må settjast eit minstekrav for medlemskap, men det er utfordrande for likheitsprinsippet og religionsfriheitsprinsippet dersom talet blir sett for høgt. I Stålstett utvalet (NOU 2013:1 "Det livssynssynsåpne samfunn") var dette tallet sett til 100 (eit mindretall i utvalet ville heilt ned til 10).

Austrevoll kommune støttar at det vert sett ei minstegrense i antall medlemmar for å kunne vere støtteberettiga. Randaberg kommune føreslår at grensa vert sett til 100 medlemmar over 15 år. (Høyringspørsmål nr.5,6 og 7)

3.2 Statleg eller kommunal støtte til trus- og livssynssamfunna. Tilskotsordninga til andre trus- og livssynssamfunn (utanom Dnk) vert føreslått i sin heilhet finansiert over statsbudsjettet. Idag er dette delt mellom stat og kommune. Kommunen gjev tilskot til dei trus- og livssynssamfunn som innbyggjare i den einskilte kommune er med i, basert på beløpet som vert gjeve til kyrkjeleg fellestråd (der ein trekkjer ut det beløp som går til gravferdssektor) delt på antall medlemmar i Dnk i kommunen. Kommunen si rolle har praktisk talt kun vert ein utbetalingsinstans. Dei administrative kostnadane til dette er betydelege, når vi ser dette på nasjonalt nivå. Statleg overtaking av denne ordninga vil innebere ei forenkling og ei meir oversiktleg ordning, som også vert lettare å kunne følgje opp og kontrollere.

Austevoll kommune går inn for at støtta til trus- og livssynssamfunna (utenom Dnk) vert føreteke av staten. (Høyringspørsmål nr. 9)

3.3 Gravferdsfeltet

Departementet føreslår at kyrkja som hovedmodell fortsatt skal inneha gravferdsansvaret.

Rådmannen støttar ei slik vidareføring, men meiner samstundes at dette bør innebære at kyrkjelege fellesråd må lovfestast. Tilliten til dagens ordning er for ein stor del knytta til den kompetanse og profesjonalitet kyrkjeleg fellesråd har bygd opp. Å skape usikkerhet omkring fellesråda sin formelle status og mandat, vil etter rådmannen si vurdering kunne bidra til å svekke legitimiteten til den lokale kyrkja sitt ansvar på dette feltet.

Rådmannen ser det som naturleg at dei einskilde fylkesmenn tek over ansvaret som i dag ligg hos bispedømmeråda når det gjeld gravferdsfeltet. Rådmannen tenkjer at dette vil sikre at trus- eller livssynsmessige klagesaker ikkje får ei slagside ved at både kyrkjeleg fellesråd og bispedømme tilhøyrer samme trussamfunn.

Austevoll kommune støttar at lokal kyrkja som hovedmodell fortsatt skal inneha gravferdsansvaret. Austevoll kommune ser det som viktig at dette skjer via kyrkjeleg fellesråd. Dette organ bør lovfestast og det bør ikkje overlatast til Kyrkjemøtet å bestemme kor slik forvaltning skal ligga. (Høyrings spørsmål nr. 26, 28)

3.4 Finansiering av Den norske kyrkje

Lovforslaget legg fram to alternativ til finansiering av Den norske kyrkje. Alternativ 1 er ei vidareføring av dagens modell med både statleg og kommunal finansiering. Alternativ 2 er ein modell der alt finansieringsansvar vert lagt til staten. Her vil heile den offentlege finansieringa koma som ei samla ramme, som så skal fordelast vidare av Kyrkjemøtet.

Både Kyrkjemøtet og eit stort fleirtal av menighetsråd og fellesråd har tidlegare uttalt ønskje om å vidareføra dagens ordning med både statleg og kommunal finansiering.

Frå eit kommunalt perspektiv vil det neppe bety noko økonomisk fordel om staten tar over finansieringa. Staten vil antakeleg redusera overføringane til kommunane tilsvarende det dei tidlegare har gjeve i støtte til Den norske kyrkje.

Dagens ordning med kommunal finansiering gjev mykje god samhandling og lokal tilhøyrighet mellom kyrkja og kommune. *Ordninga fremjer samarbeid og gjev lokale gode løysningar ofte nedfelt i avtale om tenesteyting.*

Vidare krev ordning med kommunal finansiering minimalt med kyrkjelege byråkrati. Ved ein statleg finansiering må det byggast ut eit mykje større sentralkyrkjeleg byråkrati som notatet frå departementet gjev rede for. Når det ikkje vert lagt opp til auka løyvingar vil dette medføre at lokalkyrkjene truleg får mindre ressursar enn i dag.

Kommunen har gjennom budsjettløyvingar og medbestemmelse i fellesrådet kunne vore med i ein lokal styring av korleis for eksempel kyrkjebygga og kyrkjegardane har vore vedlikehalde og drifta. Kyrkjebygga er ofte sentrale bygg som viktige område i lokalsamfunna, som det etter rådmannen si vurdering er viktig at lokaldemokratiet bestemmer over.

Rådmannen antar at med kun statleg finansiering vil det likevel bli eit sterkt press frå lokal (kyrkjeleg) hald på å yte kommunal støtte til for eksempel kyrkjebygg dersom ein skulle få for lite statleg finansiering av kyrkja. Det vert vanskeleg for kommunen og ikkje støtta for eksempel renovering eller maling av lokal kyrkje, dersom dei statlege midlane ikke tilseier at bygget blir malt på ennå eit ukjent antal år. Det lokale eigarskap, og følte eigarskap over kyrkja og kyrkja sine bygg tilseier at ein vidarefører dagens ordning.

Ei vidareføring av dagens finansieringsordning der kommunen bidrar aktivt i understøttelsen vil vere ein viktig garanti for folkekyrkja si framtid og for at kyrkja fortsatt skal vere ein positiv samfunnsaktør. *Ein lokal finansiering garanterar i større grad for ei lokal kyrkje.* I eit slikt perspektiv blir det også viktig at Kyrkjeleg fellesråd med lokal forankring, med representasjon frå sokna og frå kommunen (e) vert eit lovfesta organ.

Austevoll kommune støttar Alternativ 1 med ei vidareføring av dagens ordning med ei statleg og kommunal finansiering av Den norske kyrkje, og ønskjer at denne støtta fortsatt skjer via kyrkjelege fellesråd. Det må sikrast fortsatt kommunal representasjon i det lokale kyrkjelege fellesrådet. (høyrings spørsmål nr. 24)

Vurdering:

Vurderinga er lagt inn under det einskilde punkt og følgjer Austevoll sokneråd si uttale i saka.